



Foto: Torbjørn Hovland

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN

ÅRET 2018

«*Nær menneske, nær Kristus*»

INNHOLD

Innhald

SOKNEPRESTEN SINE TANKAR OM ÅRET 2018	1
TRUSOPPLÆRING	4
DRIFT AV KYRKJA OG GRAVPLASSEN	7
ØKONOMI	11
ANNA ARBEID I KYRKJELYDEN	15

Fitjar, den ____/____-2019

Sigrid Fangel
Leiar i soknerådet

Rasmus Fitjar
Nestleiar i soknerådet

Helga Olsen Aadland

Terje Havro

Bodil Nesse

Sindre Aarbø

Gunvald Aarbø

Mette Elisabeth Lambach

Roald Drønen
Sokneprest

Sigurd André Maaras
Kommunal representant

Harald Rydland
Kyrkjeverje

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2018

SOKNEPRESTEN SINE TANKAR OM ÅRET 2018

v/ Roald Drønen, sokneprest

AKTIVITETAR GJENNOM ÅRET

Det gode arbeidet som skjer i Fitjar kyrkje held fram i same gode sporet etter markeringa av det flotte jubileumsåret 2017. No kan ein hausta frukter av det store dugnadsarbeidet som vart gjort i samband med nytt orgel og det store restaureringsarbeidet i kyrkja. Mange menneske har dei siste par åra lagt ned ein stor innsats. Det har vore eit gode for kyrkjelyden.

Gudstenesta er heilt sentral i kyrkjelyden sitt arbeid. Samlinga om ord og sakrament har vore viktig heilt frå den første kristne tid, slik det står i Ap. gjer.: «*Dei heldt seg trufast til læra frå apostlane, til fellesskapet, brødsbrytinga og bønene.*»(2,42)

Under finn ein aktuelle tal for kyrkjelege handlingar m.m.

Fitjar kyrkje	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Døpte	23	39	37	32	38	26	34	38	32
Konfirmerte	41	41	34	45	52	52	27	48	38
Vigsel	4 294 *	7	12	4	7	8	3	3	8
Gravferder	13 1509*	21	32	28	19	25	29	24	25
Deltakrar i gudst sön og helgedagar	8499	8940	9324	8896	9139	8880	8400	8800	7897
Gjennomsnitt fram-møte på sön- og helgedagar i kyrkja	143/59	144/62	150/62	148/60	152/60	148/60	140/60	160/55	149/53
Gudstenesteframmøte utanom kyrkje(-huset)	806/7								
Nattverddeltakrar	2933/38	3382/35	3781/41	3153/37	2626/35	2623/36	2700/38	2661/37	2481/35
Kyrkjeoffer	416255	544417	425154	416430	379524	384478	381780	369482	351852
Gjevarteneste og andre gåver	277563	670290	639929	56280	138000	182000	74352		71553
Frammøtte *									

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2018

Talet på vigslar går opp og ned, medan talet på gravferder var unormalt lågt med 13.

Dei fleste gudstenester i Fitjar er i kyrkja. Gjennomsnitt frammøte ved gudstenester på søn- og helgedagar i fjor var 143. Det er ein svak nedgang frå året før. Men framleis er det mange trufaste kyrkjegjengarar i Fitjar sokn.

Utanom kyrkja har det vore gudstenester i Osternes og Øvrebygda bedehus, på Dåfjord slipp, på Smedholmen, på kaien i samband med Fitjarfestivalen og ved Kidnavatnet. Nytt av året er gudstenesta i Kråko, som samla 163 personar.

Vi held fram med gudstenester kvar fjortande dag på Fitjar Bu- og Behandlingssenter og Havnahuset.

Vi deltok også på venestemne saman med Indremisjonen og på Stranda-møte i Stranda bedehus.

Ungdomsgudstenesta 2. juledag på kveldstid i kyrkja var ei ny og god oppleveling. Der var lokale ungdomar i aksjon; Turid Fitjar var talar, Tor Håkon Aarbø var musikkansvarleg/ vikarorganist og «tre blad» Oma deltok med song.

Talet på nattverdsdeltakarar har etter måten ein sterk nedgang. Ein forklaring kan vera stor deltaking på ulike gudstenester i jubileumsåret med bl.a. gudsteneste for heile Sunnhordland prosti(prostidag) med biskop emeritus Ole. D. Hagesæther som talar.

Nedgang i takkoffer og gjeverateneste kan også forklarast med store gåver til nytt orgel i kyrkja dei siste to åra.



Om medlemmer, dåp, inn- og utmelding

2588 personar i Fitjar var medlemmer av DNK pr. 31.12. Siste året var det 1 innmelding og 7 utmeldingar. Talet på utmeldingar er mykje lågare enn dei to førre åra (26 og 27).

Talet på fødde var lågare enn normalt med 26. Det viser også igjen i talet på døypte som var 23.

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2018

Om prestetenesta

Sokneprest Olav J. Oma vart frå den 1. april 2018 tilsett i eit vikariat som sokneprest på Stord (varer til 31. des. 2021). Kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen var fungerande sokneprest inntil Roald Drønen begynte i vikariatet som sokneprest i Fitjar 30. september.

I meir enn 25 år har det vore tilsett kyrkjelydsprest i tillegg til soknepresten. Soknerådet har ikkje tilsett ny kyrkjelydsprest etter at det to-årige engasementet til Fridleif Lydersen gjekk ut.

Trusopplæringa går i gode spor, gjennom eit godt samarbeid mellom kyrkjelydspedagogen og soknepresten. Det er til tider ei utfordring å få frivillige medhjelparar på alle tiltaka.

Det har vore eit godt samarbeid med Indremisjonen kring fredagskveldane på Fitjar bedehus.

Det er eit godt samarbeid med skulane i kommunen.

Eg vil takka, tilsette, sokneprest og alle gode medhjelparar for ein flott innsats i 2018 og ynskjer Guds velsigning over alt godt som skjer i Fitjar.

Roald Drønen

Sokneprest



Foto: Torbjørn Hovland

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2018

TRUSOPPLÆRING

v/ Randi Lønning Matre, trusopplærar

Aktivitetar gjennom året

Trusopplæringa i kyrkjelyden vert gjennomført i tråd med trusopplæringsplanen som er godkjent av soknerådet og biskopen. I 2018 skulle desse tiltaka gjennomførast:

Tiltak	Namn	Deltakarar	Av inviterte
B0	Dåp	26	113%
B1	Babysong	23	68%
B4	Utdeling av 4-årsbok og kyrkjevandring	21	70%
B6	Barnas påskefest	11	38%
B7	Pinsefest	-	-
B9	Tårnagent	30	86%
B10	Båten	17	52%
B11		11	30%
B12	Lys vaken (vart utsett frå desember til februar 2018)	21	68%
B13	Kode D (Kodedisippel)	5	12%
B14	På sporet av Jesus (ingen påmelde)	-	-
B15	Konfirmasjon	41	102%
B16	Loved i praksis (ingen påmelde)	-	-

MEIR OM ARBEIDET

Me har gjennomført noko færre tiltak i 2018. Grunnen til det er at det var vakanse i stillinga som kyrkjelydspdagog. Me ser at spesielt dei nasjonale tiltaka som Lys Vaken, Tårnagent og 4-årsbok er populære. Det tyder på at ting som er bra laga til, og innarbeida tradisjonar, fungerer best.

Dette har vore ei utfordring når det gjeld kapasiteten i høve trusopplæringstiltak dette året. Men me har flinke medarbeidarar i staben og flinke frivillige som har «steppa» inn slik at me likevel har klart å gjennomføre dei fleste av tiltaka me planla på ein god måte.

Det har vore vanskeleg å få oppslutning blant aldersgruppa 12-18 år. Me har hatt ekstra fokus på å nå denne gruppa, og me ser at det er ein fin gjeng med ungdommar som nyttar seg av treff på bedehuset. Det er eit samarbeid mellom kyrkja og indremisjonen på Fitjar bedehus.

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2018



Foto: Torbjørn Hovland

NYE TILTAK I 2018

Det har ikkje vore gjennomført nye tiltak i 2018.

PLANAR FRAMOVER

Det er tilsett trusopplærar i 80% stilling. Hovudfokus vert å arbeide med trusopplæring. Etter planen er det tid for revidering av planen, då det er kome fleire nye retningslinjer for trusopplæring frå bispedøme. Då er det fint at me har høve til å arbeidet med det som fungerar godt her i Fitjar

Elles vil me vidareføra dei tiltaka som allereie er godt innarbeid og som fungerar.

BABYSONG OG SMÅBARNSTREFF

Tilbodet, som vert drive av Helga Rimmereid og Astrid K. Prestbø, inneholder songstund, nistemåltid og sosialt samvær for born under skulealder saman med ein voksen på Fitjar bedehus.

Babysong er organisert som eit kurs på 8 samlingar og er for babyar mellom 0 og vel 12 månader. Her er det påmelding. Småbarnstreff er for alle born mellom 0 og 6 år saman med ein voksen. Det er gratis og krev ikkje påmelding.

Babysong og småbarnstreff går parallelt, med babyane på loftet og småborna i "matsalen" på bedehuset.

Babysongkurset er ein del av trusopplæringstiltaka i kyrkjelyden. Småbarnstreff har vore eit supplement til trusopplæringstiltaka for aldresgruppa 0-6 år.

Som regel er det 8 samlingar i halvåret à 1,5 time. Me hadde i 2018 to songstunder på Fitjar bu- og behandlingssenter. På slutten av året hadde me ei fin og stemningsfull adventssamling/avslutting før jul

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2018

med julemannbaking, nistemåltid, ulike juleverkstadaktivitetar og adventssamling med lystenning, julesongar og enkel framstilling av juleforteljinga.

Våren 2018 var det 10 babyar og hausten 2018 var 16 babyar med mødre med på babysongkurset. Oppmøte på småbarnstreff har vore varierande, frå 5 til 12 born og frå 5 til 7 vaksne kvar gong.

Kaffikokarar i 2018 har vore Gerd M. Træet og Ruth Skram.

Me planlegg å fortsetja som før med to babysongkurs i året. Småbarnstreff vil me halda fram med etter same mal som tidlegare, så lenge det kjem folk.



Foto: Torbjørn Hovland

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2018

DRIFT AV KYRKJA OG GRAVPLASSEN

v/ Harald Rydland, kyrkjeverje

PERSONALE

I 2018 har me hatt desse medarbeidarane i kyrkjestaben:

Sokneprest, Olav J. Oma (fram til mars)

Kyrkjelydsprest/fungerande sokneprest, Fridleif Lydersen (fram til oktober)

Sokneprest, Roald Drønen (frå oktober)

Kyrkjeverje, 50%, Harald Rydland.

Kyrkjegardsarbeidar, 60%, Kristian Skumsnes

Kantor, 65 %, Jan Overweg

Trusopplærar, 80%, Randi Lønning Matre (frå desember)

Kyrkjetenar/reinhaldar, 10%, Marte Rimmereid

Kontormedarbeidar/kyrkjelydspedagog, Elisabeth S. Oma (fram til desember)

Samarbeidet i staben har vore godt. Arbeidet i kyrkjestaben er prega av stor arbeidsglede og godt humør.

KYRKJEBYGGET

Fitjar kyrkje, som er eit trebygg frå 1867, treng heile tida å vedlikehaldast for å ikkje forfalla. Etter at det i jubileumsåret 2017 vart gjort eit storarbeid med innvendig vedlikehald, prioriterte me sist år å få gjort ein del utvendig vedlikehald på både tak og vegger. Me legg opp til å få til ein del utvendig vedlikehald i 2019 og. I løpet av året tok Kyrkjeringen initiativ til å få rusta opp kyrkjestova. Gjennom økonomisk støtte frå Kyrkjeringen og soknerådet, samt stor dugnadsinnsats frå flinke handverkarar, er no kyrkjestova totalt fornya med fullverdig kjøkken og andre fasilitetar. Lokalet er vorte svært godt eigna til konfirmantundervisning, som møterom og til ulike andre tilskipingar.

På slutten av året vart det halde tilsyn for å sjå om brannvernet i kyrkja vert ivaretake på ein god måte. Etter at me fekk rapporten frå tilsynet, har me fått oppdatert branndokumentasjon, rutinar, instruksar, og fått på plass ein del nye brannverntiltak i kyrkja. Brannvarslingsanlegget i kyrkje er no knytt direkte opp mot 110-sentralen. I 2018 var det ein falsk alarm som førte til at brannvesenet måtte rykka ut på nattestid. Me har funne ut kva som var årsaka til at alarmen gjekk og retta opp i det som var gale.

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2018



FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2018

GRAVPLASSEN

Den fine sommaren i 2018 gjorde at det stort sett var greitt å halda gravplassen velstelt. I løpet av året fekk me grave ei stor avskjæringsgrøft langs Sjøsbrekka for å hindra vatn i å renna inn på dei gravfelta som ligg i dette området. Så langt ser det ut til at dette har vore til god hjelp, men det er nok behov for litt overflategrøfting på ein del av området. Me har i fleire år hatt store problem med vass-sjuk jord her. Kyrkjegardsarbeidaren og sommarvikarane me leiger inn gjer mykje godt arbeid for å halda kyrkjegarden velstelt i sommarhalvåret. For å få kyrkjegarden i fin stand til konfirmasjonane og 17. mai, har med dei siste åra hatt god hjelp av frivillige som har teke eit tak i våronna. Dette set me stor pris på.

I 2018 starta me detaljplanlegginga som skal til for å fornya gravfelt D og å for å etablera ein namna minnelund på arealet ved sida av felt M. Me brukar selskapet Akasia Eiendomsforvaltning AS som rådgjevar i prosjektet. Sjølve anleggsarbeidet reknar med med å komma i gang med vinteren 2020. Dei nye gravfelta skal då vera klart til bruk 2021.

På Fitjar kyrkjegard har me om lag 2100 graver som er i bruk. Av desse er det 1420 graver med aktivt festeforhold. Kyrkja utfører gravstell på om lag 50 av gravene på vegner av pårørande som ikkje har høve til å gjera dette sjølv. Avtale om gravstell kostar for tida kr. 1.100,- pr år. Festeavgifta på Fitjar kyrkjegard er for tida kr. 200,- pr. år etter at fredningstida på 20 år er ute. Gravene kan festast inntil 60 år etter gravferda. Det er ikkje alltid like lett å halda greie på kven som skal vera festar til dei einskilde gravene. Der me har problem med å finna festar, set me no informasjonskilt på grava. Dette har vist seg å vera eit effektivt tiltak.

Kommunen, soknerådet og medarbeidarane i kyrkja vil framleis arbeida for at Fitjar kyrkjegard skal framstå som ein fin og velstelt gravplass.



PROSJEKT

I 2018 hadde me ikkje større investeringsprosjekt gåande, utanom planleggingsarbeidet for arbeidet som skal setjast i gang på gravplassen.

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2018

RÅDSARBEID

Soknerådet har gjennom året hatt 9 møte der det har vorte behandla 65 ulike saker. Medlemene i soknerådet har i 2018 vore desse:

- Sigrid M. Fangel, leiar
- Gunnvald Aarbø, nestleiar
- Helga Olsen Aadland
- Terje Havro
- Bodil Nesse, skrivar
- Sindre Aarbø
- Rasmus Fitjar
- Mette Elisabeth Lambach
- Olav J. Oma/Fridleif Lydersen/Roald Drønen, sokneprest
- Sigurd André Maraas, kommunal representant

Etter kyrkjelova skal det i kommunar med eitt sokn berre vera sokneråd. Dette rådet skal i tillegg til ordinære soknerådssaker ha dei oppgåvane som elles ligg til fellesråda i andre kommunar. Kommunen sin representant i rådet trer inn i dei sakene som hører til fellesrådet sitt ansvar. På siste møte før jul i 2018 var det val på leiar, og nestleiar i soknerådet for 2019. Der vart Sigrid Marie Fangel attvald til leiar medan Rasmus Fitjar vart vald til ny nestleiar, begge for 1 år. Bodil Nesse held fram som skrivar.



Foto: Torbjørn Hovland

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2018

ØKONOMI

ARBEID MED BUDSJETT OG REKNESKAP

v/ Harald Rydland, kyrkjeverje

Arbeidet med økonomisk forvaltning for kykja føregår i eit tett samarbeid mellom kyrkjeverja og økonomiavdelinga i kommunen.

Kyrkja sitt rekneskap er for 2018 gjort opp med eit overskat på kr. 398.894. I budsjettet var det lagt opp til eit overskat for heile verksemda på kr. 4.300.

Det store avviket mellom resultat og budsjett skuldast fleire forhold.

I det opphavelege budsjettet var det lagt inn at ein skulle løna ein kombinert stilling som kyrkjelydsprest og trusopplærar heile året. Det var ikkje råd å få tak i sokjarar som kunne fylla ei slik stilling fullt ut. Difor valde soknerådet i løpet av året å gjera om stillinga til trusopplærar i 80 %. I desember starta Randi Lønning Matre i denne stillinga. Sokneprest Olav Oma starta i eit vikariat på Stord våren 2018. Frå då og fram til Roald Drønen kom og tok til som sokneprest i Fitjar i oktober, var kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen fungerande sokneprest. Endringane i staben gjennom året gjorde at det var budsjetterte lønnsmidlar som ikkje vart brukt opp, og dette er hovudårsaka til at avviket mellom budsjett og rekneskap er såpass stort. Elles var det avvik på ein del av dei andre budsjettpostane som gjorde at rekneskapet enda med større overskat enn budsjettet, mellom anna kom det gjennom året inn mykje kollekt og gåver til kyrkjelyden sitt arbeid.

Det økonomiske resultatet dei siste to åra har gjort at disposisjonsfondet til soknet er komme oppatt på eit nivå der det bør vera. Då kan kyrkja lettare kunna takla uføresette forhold som måtte intreffa.

Når det gjeld balansen, står det no kr. - 1.305.032 i bundne fond. Fordelinga er å finna i note 4 i tabellen på side 16. Disposisjonsfondet er på kr. 472.566,- før ovesrskotet for 2018 vert disponert.

Fleire detaljar om rekneskapet er å finna i tabellane på dei neste sidene. Rekneskapet er ikkje ferdig revidert. Det kan difor komma til mindre endringar når soknerådet skal godkjenna rekneskapet seinare i vår.



Foto: Torbjørn Hovland

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2018

RESULTATREKNESKAP, BALANSE OG NOTAR (FØR ENDELEG REVISJON)

Tekst	Fitjar Sokn, resultatrekneskap		Budsjett
	2018	2017	2018
Brukabetalinger	337 304	481 745	387 000
Refusjon	485 413	530 366	489 000
Offentlege tilskot	2 460 400	2 474 900	2 460 400
Andre tilskott, innsamla midlar	713 247	933 540	673 500
Sum driftsinntekter	3 996 365	4 420 551	4 009 900
Løn og sosiale utgifter	1 989 451	2 417 771	2 454 400
Kjøp av varer og tenester	887 943	1 170 261	1 047 700
Refusjonar/overføringer	220 500	285 660	256 000
Tilskott og gåver	440 553	438 073	364 000
Avskrivningar	291 750	189 683	220 000
Sum driftsutgifter	3 830 197	4 368 543	4 342 100
Brutto driftsresultat	166 168	52 008	- 332 200
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	8 557	8 786	0
Sum eksterne finansinntekter	8 557	8 786	0
Resultat eksterne finantransaksjonar	8 557	8 786	0
Motpost avskrivningar	291 750	189 683	220 000
Netto driftsresultat	466 474	250 477	- 112 200
Avsetjingar:			
Bruk av bundne driftsfond	0	157 844	116 500
Sum bruk av avsetjingar:	0	157 844	116 500
Overført til investeringsrekneskapet			
Avsetjing til disposisjonsfond			
Avsetjing til bundne driftsfond	- 67 579	- 3 438	0
Sum avsetjingar	- 67 579	- 3 438	0
Resultat	398 894	404 883	4 300

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2018

Fitjar Sokn, balanse

	Rekneskap	Rekneskap
	2018	2017
EIGEDELAR		
Anleggsmidlar	9 667 792	9 950 674
Faste eigedommar og anlegg	9 229 577	9 456 253
Udstyr, maskiner og transportmidler	366 067	431 140
Utlån	72148	63 281
Omløpsmidlar	2 595 295	2 216 619
Kortsiktige fordringer	209 007	556 213
Aksjar og andelar		
Sertifikater		
Obligasjoner		
Kasse, bankinnskudd	2 386 289	1 660 405
Sum egedelar	12 263 087	12 167 293
EIGENKAPITAL OG GJELD		
Eigenkapital	11 835 417	11 629 994
Dispositionsfond (Note 3)	472 566	131 878
Bundne driftsfond (Note 4)	1 305 032	1 286 745
Rekneskapsmessig mindreforbruk	398 894	404 883
Rekneskapsmessig meirforbruk (Note 6)		
Udekka i investeringsrekneskapen (Note 5)	- 8 867	- 144 186
Kapitalkonto	9 667 792	9 950 674
Gjeld		
Langsiktig gjeld:		
Kortsiktig gjeld:	427 670	537 300
Annan kortsiktig gjeld	427 670	537 300
Sum eigenkapital og gjeld	12 263 087	12 167 293

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2018

Notar

Note 1 Pensjonsforplikting

Pensjonsforpliktinga er dekka gjennom KLP. Årets forplikting er utgiftsført.

Note 2 Eigenkapitalinnskot KLP

	Pr 31.12.2018	Pr 31.12.2017
Eigenkapitalinnskot KLP	71 148	62 281
Aksjar Kirkepartner	1 000	1 000

Note 3 Disposisjonsfond

	Pr 31.12.2018	Pr 31.12.2017
Generelt disposisjonsfond	472 566	131 878

Note 4 Bundne fond

	Pr 31.12.2018	Pr 31.12.2017
Fond gravfestemidlar	121 171	121 171
Utsmykking	0	5 486
Kyrkjelydsprest	643 364	643 364
Diverse prosjekt	0	56 456
Knut K. Rydlands legat	174 159	173 292
Gravlegater	366 339	286 976
Sum bundne fond	1 305 032	1 286 745

Note 5 Udekka i investeringsrekneskapen

	Pr 31.12.2018	Pr 31.12.2017
Udekka invest. 17	0	- 144 186
Udekka invest. 18	- 8 867	-
Sum udekka investering	- 8 867	- 144 186

Note 6 Udekka i driftsrekneskapen

	Pr 31.12.2018	Pr 31.12.2017
Udisponert i driftsrekneskapet 2017	0	0
Sum udisponert drift	0	0

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2018

ANNA ARBEID I KYRKJELYDEN

KYRKJEMUSIKK

v/ Jan Overweg, kantor

Året 2018 var kanskje det første normale året i mi teneste som kantor i Fitjar. No er det er ikkje lenger orgelprosjektet men dei meir vanlege oppgåver som har fått fokus.

Gudstenestelivet

Fitjar sokn har eit rikt gudstenesteliv. For meg er det ein fryd å vera del av dette. Mi oppgåve og mitt ynskje er å bidra til at kyrkjelyden framleis skal oppleva den særeigne verdien av song og musikk i kyrkja. Eg vil takka kyrkjelyden for songen, felleskapet og engasjementet. Takk også til alle som har vore med og førebudd ulike solist-innslag.

Kyrkjelege handlingar og institusjonane

Kantor i Fitjar fylgjer prestane ved ulike arrangement. Annakvar onsdag er det andakt / gudsteneste på sjukeheimen og på Hamnahuset. Det er fint å syngja saman med bebuarane.

Ved vigsel og gravferd er ikkje minst song og musikk vesentleg. Her formidlar musikken ofte noko som ikkje ord kan. Det er flott å kunna koma i møte ulike ynskje frå familiene.

Fitjar kyrkjekor

Koret har hatt øvingar kvar onsdag frå 19.30 til 21.30. Medlemstallet i 2018 har vore ca 20. I styret var Olaug Gloppe - leiar, Kari Anita Larsen - skriver, Harald Skumsnes - kasserar, Jan Overweg - styremedlem. Koret har teke del i gudstenester, eit møte på bedehuset og hadde minikonsertar på sjukeheimen og Hamnahuset. Hausten 2018 vart det gjennomført to større prosjekt. Det første var "Ei musikalsk reise gjennom liturgien" - der dei liturgiske ledda vart presenterte i ulik musikalsk drakt. Programmet vart bunde saman med relevante bibeltekstar.

Det andre prosjektet var "Visst skal våren komme" av Eyvind Skeie og Sigvald Tveit, som vart framført i kyrkja 1. november. Til dette prosjektet hadde me noko fleire songarar og musikarar med oss. Koret tok også del ved julekonserten i kyrkja - også i år fekk me vera del av eit stort felleskor i Alnæs sin "Julemotett".

Andre arrangement

Det utruleg flotte orgelet me har fått i Fitjar kyrkje må få klinga også utanom søndagane. Difor har det vore nokre orgelkonsertar om sommaren - laurdagar kl.12.00-12.30. Dei har blitt overraskande godt besøkt. Det er eit tiltak som me skal vidareføre i åra som kjem.

Orgelet blir også med lidenskap presentert ved ulike trusopplæringstiltak som t.d. 4-årsbok og tårnagenthelg.

Elles har eg har tatt imot skuleklassar og barnehage i kyrkja med opplegg om musikk og kunst i kyrkja.

Til slutt må eg nemna "ynskjesalmekveld" som eit arrangement som me prøvde ut i jubileumsåret, og som igjen blei tatt godt imot.

Det er med andre ord mange positive tonar frå orgelkrakken. Det er gode kollegaer, gode instrument, og ein flott kyrkjelyd som i høgaste grad bidrar til det!

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2018

TEMAKVELDAR

v/ Eli N. Simonsen

Me har stått som arrangør for 9 temakveldar dette året.
Kveldane har hatt ulikt innhold og vore varierte.

Målet vårt er å ha låg terskel ,ulikt innhold og form som til dømes, song/salmekveldar, konsertar, foredrag, og til og med ei og anna utstilling.



Me ønskjer at folk skal kjenna seg heime i kyrkjerommet—desse arrangementa er ikkje berre for nokre få, men alle!!

Samstundes vil me jobba med klar forankring i det kyrkja står for!

Temakveldane er lagt til siste torsdagen i månaden. Nokre gonger har me mått justera, anten grunna feriar /høgtider eller fordi medverkande ikkje har vore tilgjengeleg når me måtte ønskja.

I gruppa sit :Benedicte Meyer, Hildegunn Aadland, Anne Britt Tornes og Eli N Simonsen.
Me har planleggingsmøte eit par gongar i kvart semester og prøver å ha programma klare eit halvt år/år i forvegen.

Det var ei storhending for oss å få Frivilligprisen for Sunnhordland prosti FOR 2018 i byrjinga av januar dette året.

Som Kulturprisen året før ser me på dette som ein pris til Kyrkja også!!

Dette gjev oss ny giv og stor tru på å gå vidare med det arbeidet me er i !!

PROGRAMMET VÅRT DETTE ÅRET:

- | | |
|-----------|---|
| JANUAR: | »Midt i livet»--Bente Bratlund,Kjersti Wiik og Trond Fykse |
| FEBRUAR | »Guds hjerte»--Sigrun Jørdre og Turid Bakke Braut |
| MARS: | Jubileumskonsert,Fitjar Barnegospel 20 år—Bjarte Leithaug og Fitjar Barnegospel |
| APRIL: | «Skam ,skuld og oppreising»--Unndis Bergås |
| AUGUST | Konsert med Alverflatens jazzband---Fitjarfestivalen
«Hvem er vi når vi mislykkes»--Jostein Ørum |
| SEPTEMBER | »Gå i fred»--Fitjar Kyrkjekor |
| OKTOBER: | »Møte med menneske på livets kant»--Odd Cato Kristiansen |
| NOVEMBER | :Konsert---Gjertruds sigøynerorkester,Britt Synnøve Johansen
og Fitjar kammerkor |

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2018

DIAKONINEMNDA

v/ Annbjørg Stjern Tvedt

Diakoninemnda i Fitjar sokn.

Ved inngangen av året var Diakoninemnda samansett slik:

Fridleif Lydersen (leiar), Olav J. Oma, Grete Sætre,
Annbjørg Stjern Tvedt, Inger Marie Gilje og Halvard Wiik.

No er Diakonnemnda samansett slik:

Annbjørg Stjern Tvedt (leiar), Grete Sætre, Inger Marie Gilje,
Halvard Wiik, Bodil Nesse og Roald Drønen.

Kort om aktiviteten til diakoninemnda:

- ✓ Organisere besøkstenesta for dei som ynskjer det.
- ✓ Prøva å arrangera ein årleg dagstur.
- ✓ Blomehelsing til nære pårørande etter dødsfall.
- ✓ Blomehelsing til alle som fyller runde og halvrunde år frå 80 og oppover.
- ✓ Fest med fagleg/åndeleg påfyll og blomepåskjøning til alle aktive besøksvener.
- ✓ Deltaking i gudsteneste på Helgemessesøndag
- ✓ Invitasjon til/organisering av middag og kaffi etter gudstenesta på Helgemessesøndag



Litt om omfanget av arbeidet:

Diakoninemnda hadde 5 møte i 2018, og handsama 16 saker.

23 personar fekk blom i samband med rund/halvrund fødselsdag.

Besøkstenesta er kanskje den viktigaste delen av arbeidet. I tillegg til nemndsmedlemene er 10 besøksvener engasjerte i arbeidet. I snitt får ca. 15 personar jamleg besøk.

I tillegg er det frivillige på sjukeheimen/ kyrkjekyss.

Ca 40 personar deltok på middagen etter gudstenesta på Helgemessesøndag.

Nye ting som er komne til i år:

Det er oppretta eit samarbeid mellom kyrkjelydane i Stord, Tysnes, Bømlo og Fitjar om felles sorggrupper. Målgruppa er primært slike som har mista ektefelle, born eller andre i spesielt nære relasjonar.

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2018

Viktige hendingar i året som gjekk:

Den planlagde diakonituren til Sveio 30. mai måtte avlysast p.g.a. for få påmeldingar. P.g.a. utskifting av prestar fann nemnda det ikkje tenleg å diskutera nye/andre tiltak dette året. 24 Januar 2018 var det fest for besøksvener. Innlegg om diakoni ved diakon Lisbeth Nygård.

Evt. planar framover:

Diakoninemnda tenkjer primært å vidareføra det som allereie er i gong, men vil i 2019 drøfta om det er nye tiltak som kan vera aktuelle.

TENTREFF

v/ Anne Marie Røed

Årsmelding for Tentreff - 2018

Fitjar Indremisjon, KRIK og Fitjar sokneråd samarbeider om Tentreff, eit lågterskeltilbod for unge mellom 13 og 19 år. Kvar fredag, bortsett frå i skuleferiane, er det eit tilbod der dei unge kan møtast i eit trygt miljø, og der dei kan bli kjent med Jesus. Frammøte er godt, ca. 20 – 40 kvar gong, 19 av desse er medlemmer.

På Tentreff er det andakt, kiosk med sal av varm mat, brus og snop. Etter måltidet har me ymse aktivitetar, Tentreffband, spel, bordtennis og Play-station. Nokre av ungdommane vil sitja rundt borda og prata. Leiariane legg vinn på å komma i kontakt med dei unge ved deltaking i aktivitetar og samtale. I tillegg har det vore to turar; skihelg på Seljestad og båttur til Smedholmen. Tilbakemeldingane har vore gode. Tentreff/KRIK har fått tildelt midlar til å arrangera turar, difor vert det turar også i 2019.

Blant vaksenleiarane har det i haust vore nokre utskiftingar, då Sindre Aarbø har begynt på bibelskule og Fridleif Lydersen er begynt som prest på Bømlo.

Nye leiatar er Marianne Aarbø f.o.m. august og Atle Vestbøstad f.o.m. des. Håkon Rydland Sæbø, Dagfinn Brekke, Ellen Vestbøstad og Anne Marie Røed held fram som leiatar. Kristi Rydland, som er praktikant i politiet skuleåret 2018-2019, er også av og til med som leiar. Terje Eiken er kasserar. Dette året er det og blitt valt eit styre der desse er med: Eline Hjelle Fitjar, Eirin Oma, Ole Andre Stokken og Tobias Vestbøstad. Det er ynskjeleg at ungdommane i større grad kan ta ansvar for organisering av aktivitetar.

På vegne av Tentreff vil eg takka for velvilje, støtte, oppmuntring og ikkje minst forbøn for dette viktige og meiningsfulle arbeidet der me har som felles mål at dei unge skal bli kjende med Jesus som er vegen, sanninga og livet.

20. januar 2019

Anne Marie Røed

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2018

BAKKEN BARNEHAGE

v/ Torunn K. Aarskog, styrar

Fitjar soknerådsbarnehage Bakken er Fitjar kyrkjelyd sin barnehage.

I vedtekten står det:

« Fitjar soknerådsbarnehage vil vera med å gi barna kunnskap, erfaring og oppleving av kristen tru og tradisjon. Barnehagen er ein del av Fitjar kyrkjelyd sitt trusopplæringsarbeid.» Eigar er stiftinga Fitjar soknerådsbarnehage og det er soknerådet som oppnemnar styret for stiftinga. Desse sit i styret i 2018: Erling Prestbø (leiar), Frøydis Almås, Asbjørn Vik og Torunn Aarskog. Ein representant frå Stiftingstyret (Frøydis Almås) og ein representant frå soknerådet (Gunvald Aarbø) er med i Samarbeidsutvalet (SU) for barnehagen.

Barnehagen har 3 avdelingar med tilsaman 72 plassar for born i alderen 0-6 år. Eit barn under 3 år tel for 2, så tal på born i barnehagen varierer med alderen på borna. Kvar avdeling har 24 plassar (småbarnsavdelinga har 12 born).

Born pr. 15. desember 2018

Pr. 15. desember 2018 er det 61 born i barnehagen, 53 born har heiltidslass og 8 har deltidslass (60%). 17 born er under 3 år (fødd i -17 og -16) og 44 born er over 3 år (fødd i -15,-14,-13). Vi har hatt fulle grupper heile året og venteliste. Vi har born med særskilde behov som får tilrettelegging med spesialpedagogisk hjelp og ekstra assistent. Kommunen refunderer kostnadene med dette.

Personalressursar pr. 15. desember 2018:

Styrar: 1 årsverk, barnehagelærarar: 6 årsverk, barne og ungdomsarb./ assistent: 6,6 årsverk, ekstra-assistent: 0,93 årsverk, reinhald: 0,40 årsverk + timebassert vaktmeisterteneste. Totalt: 14,93 årsverk og 17 tilsette.

Bemanninga er 4 årsverk pr. avdeling. Vi har allereie innfridd bemanningsnorma gjeldande frå august 2019 med 6 store barn pr vaksen. 50% av dei tilsette i barnehagen er pedagogar, dvs. 12,8 store barn pr. pedagog, mens kravet i pedagognorma er 14 store barn pr. pedagog.

Vi har gode lokale og mykje utstyr i barnehagen. Alle avdelingane har større areal enn det som er påkrevd og i tillegg har vi fellesrom som: formingsrom, bibliotek og grupperom. Hausten 2018 vart eit reilestativ bytta ut pga roteskade. Så no er begge reilestativa nye og i vedlikehaldsfritt materiale.

Vi deltek i Fitjar kommune sine satsningsområde innan skule og barnehage:

«Betre Tverrfagleg innsats» (BTI) og «Eit inkluderande barnehage og skolemiljø».

Fortsatt brukar vi programmet «Være Sammen» der fokus er vaksenrolla og sosial kompetanse.

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2018

Det har vore usikkerheit angåande tilskot og om vi kunne fortsetja med 60 % plassar (færre og færre barnehagar tilbyr det, ingen andre i Fitjar). Foreløpig fortset vi å ha det tilbodet, men berre for eit år om gangen, slik at vi ikkje er bundne opp fleire år fram i tid. Det er ikkje så mange som etterspør eit slikt tilbod, men det kan vera viktig for dei det gjeld (8 av 61 born barnehageåret 2018/19). Og så har vi ein historikk som korttidsbarnehage i 25 år, noko som kan vera greit å ta med oss.

Planar framover er utskifting av stort klatrestativ på uteleikeplassen og utvendig måling av barnehagen.

Det at me er ein kyrkjelydsbarnehage kjem til utsyn i barnehagekvardagen ved at f.eks bordvers og kristne barnesongar har sin naturlege plass. Bibelforteljing er tema i samlingsstunda ei gong i veka, formidla på forskjellige måtar ved hjelp av bøker, drama, flanellograf, forteljing, film mm. Presten og trusopplærar vitjar oss ca. ei gong pr månad og har kristen samling. Me har utarbeidd ein toårs-plan for bibelforteljingane som me formidlar ut frå «Trusopplæringsplan for Fitjar kyrkje» og «Sprell levande» (søndagsskulen Norge). Me deltek på kurs arrangert av IKO og Den norske kyrkja der det å vera barnehage med utvida kristent formål er tema.

Dei kristne høgtidene har stor plass hos oss. Jul, påske og pinse blir markert i fleire veker i advent og fastetida, og i samarbeid med kyrkja har me påske og pinsevandring.

Sidan 2008 har me vore Vennskapsbarnehage med Mamma Maggie sine Stefanusbarnehagar i Egypt, kontakten formidla gjennom Stefanusalliansen. At borna får kjennskap til andre kulturar og moglegheit for å vera med å gjera ein forskjell for desse borna er viktig for oss! På vennskapsfesten i november fekk vi inn kr. 29.250 og barnehagen plussa på med ei jubileumsgåve på kr. 10.000 i høve 10 år som vennskapsbarnehage, så vi kunne senda kr. 32.250! Gjennom desse 10 åra har me sendt 268.544 til Stefanusbarna i Egypt, det vil seia at vi har støtta ca. 18 barn/familiar kvart år!

Økonomi:

Barnehagen driv med overskot. Overskotet vert brukt til nedbetaling av gjeld og diverse utbetingar (uteleikeplassen i 2019). Pr. 30.12.2018 har barnehagen ei gjeld på 1,9 mill.

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2018

KYRKJEBLADET

Fitjar kyrkjeblad kjem ut med 5 – 6 utgåver i året. Alt arbeid med bladet vert gjort på dugnad bortsett frå trykking og distribusjon som me leiger profesjonelle aktørar til.

Redaksjonen i kyrkjebladet var ved utgangen av 2018 desse:

- ✓ Roald Drønen, redaktør
- ✓ Rolf Atle Rolfsnes
- ✓ Anne Hardeland
- ✓ Torbjørn Hovland
- ✓ Karvel Strømme

Kostnadane til trykking og distribusjon av bladet vert dekka av gåver og inntekter frå annonsesal. Bladet vert lagt i postkassane til alle husstandane og bedriftene i Fitjar. Bladet vert og lagt ut på Fitjar kyrkje si heimeside.

Tilbakemeldingane me får viser at folk set stor pris på kyrkjebladet og at det er mange som les det.



KYRKJERINGEN

Kyrkjeringen er ei foreining som arbeider for å halda kyrkja fin og funksjonell når det gjeld , utstyr, inventar og utsmykking. Blomar og anna pynting av alteret er det og kyrkjeringen som tek seg av. Dette arbeidet er det til vanleg Haldis Abotnes som har gjort på dugnad heile året. Dette året har Sigrun Vik Nilsen vore inne som vikar med ansvar for pynting av alteret.

Kyrkjeringen har om lag 10 engasjerte kvinner som medlemer. På foreningsmøta, som stort sett vert haldne rundt i heimane, vert det samla inn pengar for å fremja arbeidet.

I 2018 tok kyrkjeringen initiativ for å få ei sårt tiltrengt oppgradering av kyrkjestova. Dette arbeidet er det meir informasjon om i kyrkjeverja sin del av årsmeldinga. Kyrkjeringen gav kr. 30.000 i gåve og stod for viktig dugnadsarbeid i samband med prosjektet. Anne Britt Tornes frå kyrkjeringen leia prosjektet saman med kyrkjeverja.

Kontaktperson for kyrkjeringen er Ellen Vestbøstad.

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2018

FITJAR KYRKJELYD SITT MISJONSPROSJEKT

v/ Helga Rimmereid

Vinteren 2017 skreiv soknerådet misjonsavtale med Det norske misjonsselskap og valde å støtta NMS sitt arbeid i Mali.

Saman med NMS vil Fitjar kyrkjelyd jobba for å kjempa mot urett, jobba for å utrydda fattigdom og å dela trua på Jesus blant fulani-folket i Mali.

Soknerådet har oppretta ei misjonsnemnd som på vegne av soknerådet skal fylgja opp prosjektet lokalt. Nemnda består av Helga Rimmereid (leiar), Solfrid Sandvik, Tordis Eide og Gunnvald Aarbø (soknerådsrepresentant)

Formålet med avtalen er å skapa misjonsengasjement og å byggja Guds rike lokalt og globalt. Fitjar kyrkjelyd har teke på seg å skapa interesse og engasjement for avtalen og å støtta arbeidet i Mali med forbøn og økonomiske midlar.

Kyrkjelyden har som mål å ha minst tre offer til prosjektet gjennom året; 1. påskedag, 1. pinsedag og 1. juledag.

Det vert skreve oppdatert informasjon om prosjektet i kvart kyrkjelydsblad, det skal bli bedt for prosjektet under kvar gudsteneste, det vert informert om prosjektet under kunngjeringane dei dagane det er kollekt til prosjektet og ein har då og ei utvida bøn for arbeidet og folket i Mali.

Misjonsprosjektet har fått plass på heimesida til kyrkja, og det er eit mål at prosjektet skal vera ein viktig og naturleg del av det meste av arbeidet i kyrkjelyden, som gudstenester, trusopplæring, turar, festar, kyrkjelydsbladet osv.

Det er diverse informasjon å finna i kyrkja om prosjektet, slik som innramma signert avtale, banner som viser til avtalen og ulike faldalarar med bøner og informasjon om arbeidet i Mali.

Det er eit mål at alle i kyrkjelyden, frå dei yngste til dei eldste, skal kjenna til prosjektet, kjenne at dette er «vårt prosjekt» og gjennom det ha, eller få, eit oppriktig misjonsengasjement.

Det vart i 2018 samla inn heile 64 376,- kroner frå vår kyrkjelyd til misjonsprosjektet i Mali. Dette inkluderer ei stor gåve gitt i samband med 70-årsjubilant Hermann Inge Aadland sin bursdagskonsert i kyrkja i januar 2018.

Me ynskjer å fortsetja på same veg som fram til no, med å halda misjonsprosjektet «varmt» og sørge for at det er ein naturleg og viktig del av det meste arbeidet i kyrkja.

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2018

Fitjar sokneråd vil retta ei stor takk til alle frivillige og tilsette som i 2018 har lagt ned eit stort arbeid for å nå målet i kyrkjelyden sin visjon.
«Nær menneske, nær Kristus»



Foto: Torbjørn Hovland